



Nasjonale turistveger
Norwegian Scenic Routes

2024 | 2025

TURISTVEGARBEIDET




Statens vegvesen

A photograph of a rocky coastline. In the foreground, a large, dark, textured rock formation dominates the left side. To the right, a path made of gravel and stones leads up a slope. Several people are walking on the path; one person in a pink shirt is in the middle ground, and two others are further up the path. The background shows a steep, rocky cliff face with vertical fissures. The sky is not visible.

3	Forord
5	Turistveganlegga 2024 - 2025
6	Nytt besøkssenter på Hauklandstranda i Lofoten
8	Torghatten - en helstøpt turistattraksjon på Helgelandskysten
12	Arkitektur langs turistvegene
14	Økonomi og framdrift
19	Turistvegseksjonen

*Torghatten, Nasjonal turistveg Helgelandskysten. Foto: Frid Jorunn Stabell, Statens vegvesen
Omslagsfoto: Hauklandstranda, Nasjonal turistveg Lofoten. Foto Silje M. Amundsen, Statens vegvesen*



FORORD

Torghatten, den niande av dei særskilte attraksjonane langs 18 Nasjonale turistvegar, blei opna i 2024. Dyktige formgivarar med sine fagfolk og kvalitetsbevisste entreprenørar med sine handverkarar kan saman med oppdragsgivaren vera godt nøgde med resultatet. For her har reiselivsnæringane og turistane fått eit anlegg som byr på ein minnerik fottur på gode stiar og trapper gjennom det velkjente holet i Torghatten til og frå eit tilrettelagt stopp med god arkitektur i alle ledd. Og når vi det same året fekk fullført og opna dei to siste etappane i den langsiktige og ressurskrevjande satsinga på attraksjonane Vøringsfossen og Gjende, nådde Nasjonale turistvegar ein viktig milepel.

Men å kvila på laurbæra er ikkje Nasjonale turistvegar sin stil. I 2025 skal ytterlegare 8 prosjekt fullførast og opnast, om alt går som tenkt. I tillegg skal arbeidet med fire større rasteplassar i gang med sikte på opning i 2026. Og når behovet for å planleggja framtidige tiltak skal dekkast samtidig som stadig fleire av eksisterande turistvegstopp treng pleie, er arbeids-presset stort.

God kvalitet føreset også at dei mange vegeigarane sørgjer for godt stell av både vegane og stoppa. For den framtidige styrken til Nasjonale turistvegar som turistattraksjon må også omsynet til landskapsopplevinga vega tungt når ulike investorar ønskjer å gjennomføra prosjekt langs dei atten vegane. Aktørane er mange og kjennskapen og haldningane til kva som er turistvegkvalitet er variable. Så her gir Nasjonale turistvegar sine kompetente forum og hjelparar på arkitektur, kunst og reiseliv nødvendige bidrag.

Å ta i bruk attraksjonen Nasjonale turistvegar i produktutvikling og marknadsføring er ikkje Statens vegvesen sin jobb. Men å bidra til at det skjer og forsyna aktørane med relevant kunnskap er viktig for at Nasjonale turistvegar sitt mål om å medverka til auka verdiskaping. www.nasjonaleturistveger.no i ny drakt med freistande bilete av arkitektur, kunst og natur får god respons både nasjonalt og internasjonalt.

Velkommen til gode opplevingar langs 18 Nasjonale turistvegar.

Lillehammer 12. april 2025



Silje Myhre Amundsen

Seksjonssjef

Statens vegvesen, Nasjonale turistvegar



1



2



3

1. Vøringsfossen, Hardangervidda
2. Torghattan, Helgelandskysten
3. Gjende, Valdresflye
4. Liasanden, Sognefjellet



4

Turistveganlegga 2024-2025

Eitt av dei store måla i Statens vegvesen sitt arbeid med Nasjonale turistvegar er å gi 10 store attraksjonar eit kvalitetsløft i samsvar med deira store betydning for norske reiseliv. I 2024 kom ein i mål med satsinga på Gjende, Vøringsfossen og Torghatten og dermed er ni av dei 10 særskilte fullført. I tillegg fekk rasteplassen Liasanden, ein av dei viktigaste prosjekta i Reiselivsprosjektet 1994 - 1997, si heilt nødvendige fornying etter 28 års teneste.

Arbeidet med tre rasteplassar og samarbeidet med Vestvågøy kommune om Hauklandsstranda i Lofoten kom så langt i 2024 at desse anlegga kan opnast i god tid før sommarsesongen 2025. I tillegg skal ytterlegare fire mindre rasteplassar og utsiktspunkt gjennomførast i 2025 og ytterlegare fire anlegg vera i gang med sikte på fullføring i 2026. Det blir også arbeidd med å få til kunst med internasjonal kvalitet langs ytterlegare to Nasjonale turistvegar.

Dette betyr at 186 av dei 215 prosjekta som inngår i satsinga tom 2029 vil vera gjennomført innan utgangen av 2025.

FULLFØRT I 2024:

Gjende, Valdresflye

Fase 2: Servicebygg med kafé og toalett på Gjendeosen.
Arkitekt: Knut Hjeltne AS

Vøringsfossen, Hardangervidda

Fase 3 Fossetromma: Utsiktspunkt, stiar, sikring, toalett, parkering, el-billading og landskapstiltak
Arkitekt: Carl-Viggo Høimebakk AS

Torghatten, Helgelandskysten

Servicebygg, parkering, stier, trapp og fjellsikring
Arkitekt: Atelier Oslo
Landskapsarkitekt: Østengen & Bergo AS

Liasanden, Sognefjellet

Oppgradering av servicebygg, rastemøblar og syklistlé
Arkitekt: Jensen & Skodvin
Arkitekter AS

BLIR FULLFØRT I 2025

Hauklandsstranda, Lofoten

Servicebygg med kafé, parkering og stiar
Arkitekt: Arne Henriksen arkitekter AS

Hamningberg, Varanger

To små toalettbygg, rast, fornying av parkeringsplass
Arkitekt: KAP - Kontor for Arkitektur og Plan AS

Vardestopp og Ørteren, Hardangervidda

To små rasteplassar
Landskapsarkitekt: Bjørbekk & Lindheim Landskapsarkitekter MNLA

Kvelven, Ryfylke

Rasteplass og utsiktspunkt
Arkitekt: ATSITE as

Måbø bru, Hardangervidda

Rasteplass
Arkitekt: 3RW arkitekter

Vangdal, Hardanger

Fullføring av rasteplass ved kulturminne
Byggeplan: Brian Perktold, Dipl.-Ing. Florian Kosche AS

Skallneset, Varanger

Rasteplass og utsiktspunkt
Arkitekt: BOGL

ANLEGG STARTA I 2025 MED OPNING I 2026

Jøssingfjorden, Jæren

Rasteplass/utsiktspunkt med toalett
Arkitekt: Eladio Ramm

Stapnes, Jæren

Rasteplass/utsiktspunkt med toalett
Arkitekt: Sanden+Hodnekvam

Røytnes, Aurlandsfjellet

Rasteplass med fjordtilgang og toalett
Arkitekt: Jensen & Skodvin
Arkitekter AS

Sjonfjellet, Helgelandskysten

Rasteplass/utsiktspunkt med toalett
Arkitekt: Atelier Oslo

Ersfjord, Senja

Nytt servicebygg med kiosk og toalett
Arkitekt: Nordic Office of Architecture



Sigve Olsen, Næringssjef Vestvågøy kommune

For Vestvågøy kommune er det svært gledelig at den tanken og visjonen som lokale initiativtakere hadde tilbake i 2012 nå blir realisert. De så allerede da behovet for bedre tilrettelegging for besøkende. Etter en re-start av prosjektet i 2020 har det vært en god dialog og tett samarbeid mellom Nasjonale turistveger og Vestvågøy kommune som har ført frem til åpning av besøkscenteret med omliggende parkeringsfasiliteter.



Hauklandstranda er et statlig sikret friluftsområde og ikonisk besøkspunkt i Norge, og nå også et eksempel på tilrettelegging og systematisk arbeid med besøksforvaltning. Senteret som nå åpner vil gi lokalbefolkningene et nytt, helårlig tilbud som også skal kunne håndtere de mange turistene som besøker området.



Det nye servicebygget på Hauklandstranda i Lofoten

Samarbeid gir resultater

Nytt besøkssenter på Hauklandstranda i Lofoten

Prosjektet er et samarbeid mellom Nordland fylkeskommune, Vestvågøy kommune og Statens vegvesen Nasjonale turistveger.

Den økende turismen krever stadig mer tilrettelegging på populære utfartssteder som Haukland på yttersida av Vestvågøy. Dette er ei lita bygd langs en avstikker fra Nasjonal turistveg Lofoten med ei skjerna sandstrand som lokalbefolkningen har brukt som et utfartssted i mange år. Denne er av flere kåret til Norges fineste strand og blitt et besøksmål for strømmen av turister til Lofoten.

For å møte den økende etterspørselen, har lokale initiativtakere samarbeidet tett med Vestvågøy kommune for å forbedre sanitæranlegg og løfte kvaliteten på tilbudene ved Hauklandstranda. Siden 2012 har Nasjonale turistveger vært involvert i dette arbeidet for å få etablert et besøkssenter som et konkret samarbeidstiltak i tråd med satsingens mål om å bidra til styrket næringsutvikling, ikke minst i distrikta.

Prosjektet har gjennomgått flere faser og våren 2020 ble et forprosjekt utarbeidet av arkitekt Arne Henriksen godkjent av alle parter. Prosjektet fullføres våren 2025 og dermed kan et nytt servicebygg med kafé, sanitæranlegg og plass til utstyr for aktivitetene i området som tilbys sommerens turister. I bygget inngår også et aktivitetssenter som skal fremme forståelsen av den lokale naturen, det bys på mat laget av lokale råvarer og det skal vises fram lokal kunst og håndverk.

Bygg, parkering og øvrig infrastruktur er etablert skånsomt i terrenget for å unngå store inngrep i det sårbare og unike kystlandskapet. For å håndtere turisttrafikken blir det etablert en romslig parkeringsplass ved siden av bygget, med egne plasser for biler, motorsykler, busser og bobiler. Sammen med tilrettelagte oppholdsarealer og stier er målet å redusere slitasjen i terrenget og samtidig legge til rette for en god opplevelse for alle besøkende.


Besøkssenteret driftes av det lokale selskapet Hauklandstranda AS og vil være åpent sju dager i uken, hele året. Selskapet er 100 % eid av Vestvågøy kommune.

Arkitekt: Arne Henriksen Arkitekter AS
Entreprenør: Thore Magnussen & Sønn AS



Følg stien, ferdsel på eget ansvar /
Follow the trail, travel at your own risk

- Lett sti / Easy walk 
- Moderat sti / Moderate walk
- Krevende sti / Difficult walk
-  Utsiktspunkt / View point





Torghatten – en helstøpt turistattraksjon på Helgelandskysten

Torghatten ruver som en spesiell attraksjon i det norske reiselivsproduktet. Hit til Helgelandskysten kommer turister fra hele verden for å oppleve det spektakulære hullet i fjellet. Gjennom arbeidet med Nasjonale turistveger har målet vært å heve kvaliteten på infrastrukturen og servicetilbudet på dette besøksmålet i samarbeid med Nordland fylkeskommune og Brønnøy kommune. Turistattraksjonen som ble fullført i 2024 fremstår nå som en helstøpt opplevelse av natur og arkitektur til glede for de mange besøkende.

Da prosjektet startet opp i 2018 var stien lite tilrettelagt for en stadig økende bruk av området. Den var smal og ulendt og den gode sammenhengende stien rundt og gjennom «hullet i Torghatten» manglet. Overvann fra fjellsidene vasket deler av stien vekk og rasfare og steinsprang gjorde at stien var direkte farlig å ferdes på. I tillegg var parkeringskapasiteten og toaletttilbudet begrenset.

Det lavmælte sørvisbygget med sin nærkontakt til bekken og naturen i bakkant er utformet av Atelier Oslo AS. Bygget inneholder både toaletter og et mindre utstillingslokale for Trollfjell UNESCO Geopark. Her formidles både dannelsen av Torghatten og sagn og mystikk. Rundt huset finner man ulike overdekkede soner med ly for vær og vind og en større forplass i plasstøpt betong. Soner med vegetasjon danner skjerming mot vegen og parkeringsplassen og er opparbeidet med stedegen vegetasjon. Den romslige parkeringsplassen, stopplommen for rutebuss og oppstillingsplassene for turistbusser langs fylkesvegen er bundet sammen med tilrettelagte gangsoner for myke trafikanter.





Før- og etterbilder av stiene som er utbedret/bygget rundt Torghatten, Helgelandskysten

Selve vandringen byr på spektakulære utsikter; katedralfølelsen gjennom det 160 meter lange og 35 meter høye fjellhullet, den trolske stemningen gjennom bjørkeskogen og til slutt det åpne kyststrekket ut mot havgapet. Stien er tilpasset og skal gjenspeile følelsen og karakteren til de ulike landskapsrommene den går gjennom. Langs rundturen er det etablert flere steder for opphold og rast, og det er satt opp tavler med informasjon om historiske, landskapsmessige og geologiske kuriositeter.

Turistveganlegget på Torghatten ble vinneren av Landskapsarkitekturprisen 2024. Prisen deles ut årlig av Norske landskapsarkitekters forening (NLA). Østengen & Bergo Landskapsarkitekter MNLA og seksjonen Nasjonale turistveger i Statens Vegvesen vant prisen for sin dype forståelse og gode gjennomføring i et prosjekt som lavmælt beskytter naturen og gjør den mer tilgjengelig for flere.

Entreprenørene er OK Kristoffersen og Stibbyggjaren AS. I 2021 og 2022 sørget Stetind entreprenør AS for å sikre fjellet inn mot og gjennom Torghatthullet før hovedarbeidet startet opp.

Kartet på side 8 og 9 gir en oversikt over hele anlegget, mens det på tilstøtende side viser før- og etterbilder fra noen av stedene langs stien.

Toalettbygg og parkering ved Torghatten, Helgelandskysten





1. Trollstigen, Geiranger-Trollstigen
2. Tyrvefjæra, Hardanger
3. Trælvikosen, Helgelandskysten

Arkitektur langs turistvegene

Nasjonale turistveger inviterer turister til å oppleve vakker norsk natur langs 18 utvalgte vegstrekninger. Opplevelsen på denne reisen skal, som det står på turistvegenes hjemmeside, forsterkes med nyskapende arkitektur. Derfor holder turistvegseksjonen seg med et arkitekturråd. Rådet veileder arkitekter og landskapsarkitekter om prosjektene de presenterer, og gir råd til seksjonen om prosjektenes videre skjebne.



Turistvegene går gjennom landskap som anses som særlig vakre, karakteristiske eller spektakulære. Ethvert inngrep endrer landskapet, og aktualiserer diskusjonen om hvilke endringer som er akseptable. Hvor går grensen for hva stedet tåler? Kan det vi bygger bli så påtrengende at det stjeler oppmerksomheten fra det landskapet turistene reiser for å oppleve? Og fungerer ambisjonen om nyskapende arkitektur som rettferdiggjøring av inngrep som oppfattes som problematiske?

Toppen av Trollstigen er et dramatisk landskapsrom, med spisse topper, loddrette stup og buldrende fosser. Her har Reiulf Ramstad Arkitekter tegnet service- og kafébygg, parkeringsplass, rasteområder og gangbaner frem til utsiktsplattformer som skyter ut fra fjellveggen. Alt er godt synlig i det nakne fjellandskapet. Men landskapet er stort og mektig, og inngrepene verken kamuflerer eller reduserer den dramatikken turistene kommer for å oppleve. Utbyggingen har ikke som mål å forbedre den naturlige attraksjonen. Men gangbaner og plattformer gjør det lettere for turistene å erfare dramaet. Og med Ramstads formale raffinement og dristige konstruksjoner blir arkitekturen en supplerende attraksjon som føyer en annerledes dimensjon til stedet – uten å redusere verdien av det naturen selv har skapt.

Arkitekturrådet består av en arkitekt, en landskapsarkitekt og en kunstner. Vi har hver vår kompetanse, ulik erfaring og vi representerer forskjellige fagtradisjoner. Prosjektene vi vurderer faller ikke alltid innenfor den ene eller andre fagtradisjonen. Trælvikosen på Helgelandskysten illustrerer det. Her har arkitektkontoret Snøhetta satt ned en serie «stepping stones» som muliggjør en vandring ut til en liten holme i bukta. Men steinene danner ikke bare en sti. I takt med tidevannets bevegelser ligger overflatene vekselvis i, over og under vannflaten. Installasjonen går i en subtil dialog med naturen og formidler de store kosmiske prosessenes nedslag i det nære fjordlandskapet. Det er en fortelling om stedet som ingen av de tre fagdisiplinene har monopol på å tolke.

Er ambisjonen om nyskapende arkitektur et fordekt krav om modernistisk arkitektur? Ramstad betjener seg av et modernistisk formspråk, men vadesteinene på Helgelandskysten unndrar seg forenklete kategoriseringer som tradisjonell og modernistisk. Det gjelder også servicebygningen som arkitektene Helen & Hard har tegnet på rasteplassen Tyrvefjæra i Hardanger. Bygningen er nok et eksempel på arkitektenes utforsking av treets konstruktive og formale muligheter, og de har skapt en bygning som er annerledes enn noe annet vi har sett.

Bygningen ved Tyrvefjæra er så avgjort nyskapende. Men den er ikke fremmed på stedet, den gror snarere opp av bakken. Og slik finner den sin tilhørighet, på samme måte som Ramstads ekspressive former på Trollstigens fjellandskap og Snøhetts vadesteiner utover vannspeilet i Trælvikosen. Det nyskapende er ikke fremmed – det er forankret i stedet.

Ketil Kiran
Leder for arkitekturrådet



Økonomi og framdrift

Utviklinga av attraksjonen Nasjonale turistveg starta opp i 1994. På bakgrunn av erfaringane frå eit prøveprosjekt ga Stortinget i 1998 Statens vegvesen klarsignal til å vidareføra arbeidet. Etter ein grundig prosess blei fjorten nye strekningar valde ut som framtidige nasjonale turistveggar i tillegg til dei fire strekningane i prøveprosjektet.

I 2012 blei dei 18 strekningane med ei lengde på 1991 km skilta som Nasjonale turistveggar. Etter den tid er lengda auka til 2240 km som følgje av justering av Nasjonal turistveg Ryfylke, turistvegstatus på 12 avstikkarar og vedtaket om å forlenga Nasjonal turistveg Jæren.

I satsinga inngår ei gjennomgripande opprusting og kvalitetsheving av 10 særskilte attraksjonar langs turistvegane. Ni av attraksjonane stod ferdige i 2024. Låtefoss som den siste av dei 10 store og ei eventuell utviding av Vøringsfossen med ny kafé på Fossetromma er ikkje mogeleg innanfor dei økonomiske rammene til Nasjonale turistveggar i gjeldande Nasjonal transportplan.

Turistvegsatsinga er eit kontinuerleg utviklingsarbeid. For å kunna tilby ein så interessant attraksjon som mogeleg, blir det totale konseptet heile tida evaluert i høve til dei kvalitetane ein skal oppnå og justert i høve til mål og rammer i Nasjonal transportplan. Forlenginga av Nasjonale turistveg Jæren, raset på Trollstigen og den store kostnadsutviklinga dei siste åra utan at dette er kompensert i dei økonomiske rammene, betyr forsinka framdrift og at nokre prosjekt ikkje let seg gjennomføra.

Seksårsperioden 2018 - 2023 inneheldt ei portefølje med 46 nye tiltak, alt frå større prosjekt på Gjende, Vøringsfossen og Torghatten til fuglekikkarskjul og små fotostopp. 32 av desse prosjekta var gjennomført innan 2023, dei neste 13 prosjekta blir fullført i 2024-2025 og dei tre siste i 2026. Innan 2029 skal det vera gjennomført ytterlegare 26 prosjekt, noko som føreset omfattande innsats i prosessar og planlegging for å skapa nye opplevingar med turistvegkvalitet.

10 SÆRSKILTE ATTRAKSJONAR	NASJONAL TURISTVEG	FYLKE	FULLFØRT ÅR
Gudbrandsjuvet	Geiranger-Trollstigen	Møre og Romsdal	2010
Steilneset	Varanger	Finnmark	2011
Trollstigen	Geiranger-Trollstigen	Møre og Romsdal	2012
Steinsdalsfossen	Hardanger	Vestland	2014
Eldhusøya	Atlanterhavsvegen	Møre og Romsdal	2014
Allmannajuvet	Ryfylke	Rogaland	2016
Gjende	Valdresflye	Oppland	2024
Torghatten	Helgelandskysten	Nordland	2024
Vøringsfossen	Hardangervidda	Vestland	2024
Låtefossen	Hardanger	Vestland	etter 2029

RESSURSINNSATS 1994 - 2023 / RESSURSBEHOV 2024 - 2029 (MILL. 2025 KR)				
1994 - 2029	1994 - 2017	2018 - 2023	2024 - 2029	Sum
Nasjonale turistveggar	3425	1325	875	5625
Andre	430	165	60	655
Sum	3855	1490	915	6260

PLANLAGT FRAMDRIFT 1994 - 2023 - 2029

Strekning	Lengde (km)	NT-midlar 1994-2029 (mill. 2025 kr)	Investert til og med 2017 (mørkegrå) og 2023 (grønn) i prosent av 1994-2029		
Rondane	75	158			
Valdresflye	49	458			
Jæren	130	152			
Ryfylke	267	532			
Hardangervidda	67	737			
Hardanger	165	422			
Aurlandsfjellet	47	142			
Gaularfjellet	108	216			
Sognefjellet	114	150			
Gamle Strynefjellsvegen	27	82			
Atlanterhavsvegen	36	259			
Geiranger - Trollstigen	104	746			
Helgelandskysten	434	516			
Lofoten	230	318			
Andøya	58	87			
Senja	102	173			
Havøysund	67	132			
Varanger	160	345			
	2240	5625			
			0 %	50 %	100 %

UTVIKLING AV INNHALDET PÅ TURISTVEGSTREKNINGANE


Type tiltak, fullførte prosjekt	2013	2017	2023	2025	2029
Store attraksjonar (ant. prosjekt)	3 (3)	6 (6)	6 (9)	9 (12)	9 (12)
Rasteplassar/utsiktspunkt	79	89	109	116	137
Kunstprosjekt (utan Steilneset)	2	5	7	7	14
Tiltak ved bedrifter, opplevingar, tettstader og ferjeleie	36	43	50	51	52
Sum prosjekt	120	143	175	186	215

Fornyingar og vidareutvikling av gjennomførte tiltak kjem i tillegg og vil krevja stadig meir ressursar. Tap av turistvegkvalitet som følgje av andre utbyggingstiltak og andre forhold vil kunna føra til at etablerte tiltakspunkt må sanerast og at planlagde tiltak kan gå ut. Gjennomføringa av programmet er også avhengig av forhold som plangodkjenning og arealtilgang. Statistikken vil derfor kunna bli justert frå år til år. I 2025 er det føresett at talet på fullførte prosjekt aukar til 186. I summen av prosjekt inngår Gjende og Vøringsfossen med 5 prosjekt. Alle er sjølvstendige etappar som er blitt tekne i bruk etter kvart som dei står ferdige. I attraksjonen Steilneset er kunstverket eit viktig element.

Eksempel på større fornyingar/suppleringar i åra framover av tidlegare tiltakspunkt som

- Stegastein (Aurlandsfjellet) - auka parkeringskapasitet
- Likholefossen (Gaularfjellet) - toalett, auka parkering
- Rambergstranda (Lofoten) - toalett

TURISTVEGOMSETNINGA 2006 - 2025 I MILL. KR (2025)



Midlar frå andre frå 2006 til 2013 (268 mill.kr i prisenivå 2025) var i stor grad knytt til attraksjonane Gudbrandsjuvet, Trollstigen, Steinsdalsfossen, Eldhusøya og Allmannajuvet. I dei tolv åra 2014 - 2025 utgjer innsatsen frå andre 335 mill.kr. (prisenivå 2025). Dei største tilskotta desse åra er bidraga til Vøringsfossen (Hardangervidda), Gjende og Flye 1389 (Valdresflye), Skjervsfossen (Hardanger), Ostasteidn (Ryfylke), Torghatten (Helgelandskysten) og Hauklandsstranda (Lofoten).

TURISTVEGSATSINGA 1994 - 2017 - 2023 - 2029 FYLKESFORDELING (2025 KR.)

Fylke	Lengde km	1994-2017 mill.kr	2018-2023 mill.kr	2024-2029 mill.kr.	1994-2029 mill.kr.
Innlandet	196	289	326	125	740
Rogaland inkl. Agder	369	464	115	94	674
Vestland inkl. Buskerud	487	831	538	267	1635
Møre og Romsdal	137	868	14	124	1006
Nordland	722	558	233	130	920
Troms	102	83	27	62	173
Finnmark	227	332	72	73	477
Sum	2240	3425	1325	875	5625

Dei store satsingane i Møre og Romsdal og Vestland heng saman med at kvar av desse fylka har 3 av dei 9 særskilte attraksjonane, deriblant Trollstigen og Vøringsfossen. Dei siste store fordelar seg på Innlandet, Rogaland, Nordland og Troms og Finnmark. Nordland er det fylket som har flest km turistveg.

NASJONALE TURISTVEGAR - STREKNINGAR OG LENGDER PER 1/1-2025

Namn	Nasjonal turistveg	Lengde (km)
Rondane	Venabygdsfjellet - Enden - Folldal, Solli kirke - Enden	75
Valdresflye	Garli - Hindsæter med avstikkar til Gjende	49
Jæren	Bore - Ognå - Flekkefjord med avstikkar til Sogndalstrand	130
Ryfylke	Oanes - Lovraeidet - Hårå med avstikkar til Sand, Lovraeidet - Sauda - Hordal med veg til Ropeid	267
Hardanger	Granvin - Steinsdalsfossen og gamlevegen gjennom Skjervet	
	Norheimsund - Tørrvikbygd, Jondal - Utne, Kinsarvik - Låtefoss	165
Hardangervidda	Eidfjord - Haugastøl	67
Aurlandsfjellet	Aurlandsvangen - Lærdalsøyri	47
Sognefjellet	Lom - Gaupne	108
Gaularfjellet	Balestrand - Eldalsosen - Moskog, Eldalsosen - Sande	114
Gamle Strynefjellsvegen	Grotli - Videseter	27
Atlanterhavsvegen	Kårvåg - Bud	36
Geiranger - Trollstigen	Langevatn - Sogge bru	104
Helgelandskysten sør	Holm - Godøystraumen med avstikkar til Torghatten	434
Lofoten	Å - Raftsundet, med avstikkarar til Nusfjord, Vikten, Uttakleiv, Unstad, Eggum og Henningsvær	230
Andøya	Bjørnskinn - Andenes	58
Senja	Gryllefjord - Botnhamn med avstikkar til Mefjordvær og Husøya	102
Havøysund	Kokelv - Havøysund	67
Varanger	Varangerbotn - Hamningberg	160
Sum		2240

Av den totale lengda på 2240 km er 613 km riksveg og 1627 km fylkesveg.

DISPONERING AV TURISTVEGMIDLANE

	2024	2025
Løyving	180,0	157,0
Overført frå førre år	- 13,4	- 3,2
Meirforbruk	3,2	
Til disposisjon	169,8	153,8
Sum fellesutgifter	21,6	22,9
• Turistvegseksjonen	18,6	19,6
• Rådgiving, kvalitetssikring, profilering	3,0	3,3
Sum tiltak på strekningane	148,2	130,9
• Planlegging og anlegg nye prosjekt	130,2	108,7
• Turistveginformasjon og utstyr	3,2	3,2
• Oppgradering/fornyng av eks. stopp	14,8	18,9
• Planbistand til andre aktørar	0,0	0,1

Fellesutgiftene utgjør 13-15 % av disponibel ramme. Fornyng av eksisterande stopp er ein post som er nødvendig for å halda oppe kvaliteten på turistattraksjonen Nasjonale turistvegar etter kvart som tida går og stadig fleire anlegg står ferdige og treng oppfølging.

PLANSITUASJONEN FOR PROSJEKTPORTEFØLJEN 2024 - 2029

Målet i Nasjonal transportplan er totalt 215 gjennomførte prosjekt langs dei 18 Nasjonale turistvegane innan 2029. Dei 186 prosjekta som står ferdige i løpet av 2025 supplerast med 29 nye rasteplassar, utsiktspunkt og kunst i åra 2026 - 2029. Innhaldet og plan/anleggssituasjonen per 1. april 2025 går fram av tabellen nedanfor. I tillegg kjem omfattande fornyingar av tidlegare tiltak.

Strekning	Stad	Innhald	Planstatus 04/2025	Opningsår	
				2024-25	2026-29
Varanger	Hamningberg	Rast/toalett	Anlegg		
	Ekkerøya	Rast/toalett	Forprosjekt		
	Skallneset	Rast/utsikt	Forprosjekt		
Havøysund	Ikkje bestemt	Rast	Ikkje starta		
Senja	Gryllefjord	Rast/toalett	Ikkje starta		
	Ersfjord Fase 2	Toalett/kiosk	Forprosjekt		
	Ikkje bestemt	Rast/kunst	Synfaring m/kunstnar		
Lofoten	Hauklandstranda	Kafe/parkering	Fullført		
Helgelandskysten	Torghatten	Parkering/service/sti	Fullført		
	Sjonfjellet	Rast/toalett	Konkurransegrunnlag		
	Kjerringlia	Liten rast	Ikkje starta		
	Knøskholmen	Rast	Ikkje starta		
Atlanterhavs-vegen	Skarvøya	Rast/toalett	Ikkje starta		
	Sandvika	Rast	Ikkje starta		
Geiranger-Trollstigen	Eidsvatnet	Rast/toalett	Forprosjekt		
	Øvstestølen	Rast/toalett	Forprosjekt		
	Djupvatnet aust	Rast	Ikkje starta		
	Ikkje bestemt	Kunst	Ikkje starta		
Gamle Strynefj.veg	Ikkje bestemt	Kunst	Ikkje starta		
Gaularfjellet	Vallestadfossen	Rast/sti til Fossestien	Ikkje starta		
Aurlandsfjellet	Røyrnes	Rast/toalett	Konkurransegrunnlag		
Hardanger	Vangdal	Rast (fullføra)	Konkurransegrunnlag		
	Ikkje bestemt	Kunst	Ikkje starta		
Hardangervidda	Vardestopp	Rast	Fullført		
	Ørteren	Rast	Fullført		
	Vøringsfossen F3	Utsikt/sti/WC/parkering	Fullført		
	Vøringsfossen vest	Utsiktspunkt	Ikkje starta		
	Måbø bru	Rast	Konkurranse fullført		
	Måbø gard	Rast/toalett	Skisse		
	Ikkje bestemt	Kunst	Ikkje starta		
Ryfylke	Kvelven	Rast/utsikt	Konkurransegrunnlag		
	Jøsenfjorden	Kunst/parkering	Avtale med kunstnar		
Jæren	Madland hamn	Kunst	Avtale med kunstnar		
	Stapnes	Rast/toalett	Byggeplan		
	Jøssingfjorden	Rast/toalett	Byggeplan		
Valdresflye	Gjende Fase 2	Kafe/toalett	Fullført		
	Smørkollen	Rast/utsikt	Skisse		
	Sjodalsvatnet	Rast	Skisse		
Rondane	Grimsbrua	Rast/toalett	Skisser (studentoppg.)		
	Muen	Rast/parkering/toalett	Skisse		



Silje Myhre Amundsen
Seksjonsleder



Kjell Arne Jøndal Steine
Økonomiansvarlig
Stedfortreder



Per Finborud
Strekningsansvar Andøya,
Lofoten, Helgelandskysten,
Hardangervidda



Kari Klynderud Sundfør
Strekningsansvar Rondane,
Valdresflye, Sognefjellet, Gml.
Strynefjellsveg, Aurlandsfjellet



Lars Grimsby
Strekningsansvar Atlanterhavs-
vegen, Geiranger-Trollstigen,
Gaularfjellet, Hardanger



Fredrik Fløgstad
Strekningsansvar Varanger,
Havøysund, Senja, Ryfylke,
Jæren



Lars Erik Rødstøl
Drift og vedlikehold Sør-Norge



Rune Inge Aas Larsen
Byggeleder i Nord-Norge



Roger Thorstad
Byggeleder i Sør-Norge



Trine Kanter Zerwekh
Reiselivskontakt, formidling,
profilering



Tonje Tjernet
Nasjonaleturistveger.no,
nyheter, film, kommunikasjon



Hilde M. Strangstadstuen
Grafisk design, informasjons-
tavler, visuell profil



Frid-Jorunn Stabell
Bildearkiv/fotoforvaltning,
arrangement



Harald Christian Eiken
Film, kommunikasjon,
sosiale medier



Per Ritzler
Internasjonal kontakt



Jan Andresen
Rådgiver



Harald Bekh-Hansen
Rådgiver



Arnt Roar Musdalslien
Grunnerverv

